

INTRODUKSJONSØVINGAR TIL SEKSUALITETSUNDERVISNINGA

ØVINGAR FOR Å SKAPE EIT TRYGT ROM OG TRYGGE RAMMER FOR UNDERVISNINGA

1 \ FELLES AVTALAR

ØVINGSTYPE

Individ, gruppe, plenum (IGP)

MÅLGRUPPE

Kan vere nyttig for alle trinn, men her er det særleg retta mot 8.–10. trinnet.

FORMÅL

- Elevane skal bli einige om felles avtalar for undervisninga som legg til rette for eit trygt rom for alle.
- Elevane skal øve seg i å ta personleg stilling og lytte til synspunkta til kvarandre.

FAGLEG RELEVANS

- Samfunnsfag: «reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskete hendingar»
- Folkehelse og livsmeistring
- Demokrati og medborgarskap
- Overordna del av læreplanen

TIDSBRUK

20–30 minutt

FORKLARING

1. Elevane og undervisaren sit på stolar i ein sirkel. Undervisaren fortel at seksualitetsundervisning somme gonger handlar om spørsmål og tema som ein kanskje ikkje har snakka så mykje om før med venner, undervisaren eller andre. Derfor er det heilt vanleg å vere litt usikker på seg sjølv og tenkje på kva dei andre kanskje meiner om det vi seier eller gjer. I ei slik undervisning kan det vere lurt å inngå nokre felles avtalar om korleis timane skal vere – og det er det klassen skal gjere no.
2. Undervisaren deler deretter elevane inn i grupper på to til tre personar. Kvar gruppe har i oppgåve å diskutere spørsmålet: «Kva for avtalar kan vi gjere for å sikre at vi får gode undervisningstimar saman?» Gruppene skal kome med minst to forslag til avtalar, som dei skriv på kvart sitt papirark. Dei får cirka 10 minutt til dette arbeidet.
3. Etter dette samlar alle elevane seg i sirkelen igjen, og kvar gruppe presenterer avtalane sine og forklarar kvifor dei er viktige. Legg arka med avtalane på golvet midt i sirkelen slik at alle kan sjå dei. Når alle avtalane er presenterte, ber undervisaren elevane om å tenkje etter kva for avtale som vil vere den aller viktigaste for dei. Dei skal ikkje snakke saman om det, men tenkje gjennom det på eiga hand.
4. No kan undervisaren lage ein felles avtale for klassen med utgangspunkt i desse avtalane. Slå saman like avtalar. Undervisaren tek med avtalane, som må godkjennast av elevane.
5. Avtalane kan no gjerne hengast opp i klasserommet. De kan vise til avtalane i løpet av seksualitetsundervisninga eller anna undervisning ved behov.

TIPS TIL UNDERVISAREN

- Dersom det er sett av kort tid til seksualitetsundervisninga, kan de likevel fokusere på det trygge læringsrommet ved å presentere elevane for fleire avtalar som undervisaren har valt ut på førehand.
- Elevane kan kort snakke om dei med sidepersonen før undervisaren tek ei felles oppsummering der elevane gir ei tilbakemelding på om dei synest avtalane er gode, og om det eventuelt er noko som manglar. Dette kan gjennomførast på cirka 10 minutt. Eksempel på avtalar kan vere: :
 1. Vi rekkjer opp handa dersom vi vil seie noko.
 2. Vi skal vere aktive i undervisninga, men vi kan godt «melde pass».
 3. Vi snakkar ikkje om våre eigne personlege opplevingar.
 4. Vi snakkar ikkje stygt om kvarandre og andre utanfor klassen.
 5. Vi ler ikkje av spørsmåla og kommentarane til kvarandre.
- I somme klassar kan det vere behov for at undervisaren på førehand gjer seg nokre tankar om det er reglar som ikkje er til diskusjon. Kanskje skal elevane ha få og heilt konkrete reglar.
- Forsøk så langt som råd å formulere reglane positivt. Det kan skape ei positiv forventning til korleis elevane oppfører seg, og gjer tydeleg kva som er greitt å gjere.
- Det er viktig å vurdere kva som blir konsekvensane ved å bryte reglane.
- Hugs at reglane også gjeld for undervisaren. Dersom ein for eksempel bruker regelen om at ein ikkje skal snakke om eigne personlege opplevingar, bør undervisaren også følgje det.

2 \ ORD SOM SÅRAR

ØVINGSTYPE

Individ, gruppe, plenum (IGP) og videoklipp

MÅLGRUPPE

Kan vere nyttig for alle trinn, men her er det særleg retta mot 8.-10. trinnet.

FORMÅL

- Elevane skal kunne snakke med kvarandre om korleis ord kan verke sårande.
- Elevane skal kunne kome med forslag til kva dei kan gjere i klassen for at ingen skal bli kalla noko dei ikkje liker, og for å motverke mobbing i praksis.

FAGLEG RELEVANS

- Folkehelse og livsmeistring
- Demokrati og medborgarskap
- Overordna del av læreplanen

TIDSBRUK OG UTSTYR

30–40 minutt

Post-it-lappar

LENKJE TIL VIDEOKLIPP

Norsk Folkehjelp: «Skjellsord i skolegården» (ulike klipp på rundt 1 minutt): folkehjelp.no/skjellsord

FORKLARING

1. Snakk med elevane om at det no skal handle om ord som sårar, og ord som trakasserer. Vi kan alle ha ulike grenser for kva ord vi synest det er greitt å bli kalla, eller kva for ord vi ikkje har lyst til å høyre bli brukt. Det same gjeld også for vaksne på skolen. Diskuter gjerne saman kva eit skjellsord er.
2. Ord som «homo», «hore» og «tapar» er eksempel på ord som blir brukte som skjellsord, og som vaksne på skolen ikkje vil akseptere, fordi det er ord som kan såre og vere diskriminerande, og det er ord som historisk er blitt brukte som skjellsord.
3. Sjå deretter gjerne eitt eller fleire av klippa som Norsk Folkehjelp har laga om [skjellsord](#). Elevane kan no reflektere saman i grupper eller i klassen med utgangspunkt i følgjande spørsmål:
 - Kvifor bruker somme skjellsord?
 - Korleis kjennest det å bli kalla med eit skjellsord?
 - Korleis påverkar skjellsord miljøet på skolen eller i klassen?
4. Som avslutning av øvinga kan klassen kome med forslag til ein avtale om korleis dei kan unngå at nokon elevar i klassen blir kalla med ord som sårar, trakasserer eller diskriminerer. Dei kan ta utgangspunkt i følgjande spørsmål:
 - Kva skal avtalen innehalde?
 - Er det noko anna klassen og kvar enkelt elev kan gjere for å motverke at andre blir kalla for noko som kan oppfattast som negativt eller trakasserande?
 - Korleis bør avtalen følgjast?
5. Forslaga til avtalar kan samlast inn og brukast når klassen seinare tek opp tema som språkbruk, digital kommunikasjon og mobbing.

TIPS TIL UNDERVISAREN

- Når klassen snakkar om seksualitet, kan undervisaren oppleve at elevar bruker nedsetjande og diskriminerande uttrykk knytte til seksualitet og kjønn. Ord som for eksempel «homo», «hore» eller «billig» kan bli brukte som skjellsord. Det er viktig å utfordre elevane på slik språkbruk, og på haldningane som kan liggje bak orda.
- Sjølv om somme elevar kan seie at enkelte ord berre blir brukte «på gøy», kan andre elevar oppleve dei som støytande eller diskriminerande. Når vi seier at det er lov å vere ueinig, betyr ikkje det at det er greitt å seie ting som for eksempel at «homofile er ekle».
- Bruk kunnskapen din om klassedynamikken og elevane dine til å finne ut om det er noko spesielt du må tilpasse i klassen din.